

# HYRDINGEN

NR. 6

DESEMBER

ÅRGANG 52

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen




## Teiknekonkurransen

Vinnar av konkurransen med beste bilete vart Henny Abelseth.

Side 3

## Frå Vindafjord til Madagaskar

Side 4 og 7



Sandeid skule, 7. klasse, Henny Abelseth, hovudvinnar.

## Eit barn er født i Betlehem

Tekst: S. Grundtvig / Bernt Støylen

Eit barn er født i Betlehem,  
i Betlehem.  
No frydar seg Jerusalem.  
Halleluja, halleluja!


Her ligg han i eit krubberom,  
eit krubberom,  
men rår med evig herredom.  
Halleluja, halleluja!

Men okse der og asen stod,  
og asen stod,  
og såg den Gud og Herre god.  
Halleluja, halleluja!

Tre kongar kom frå Austerland,  
frå Austerland,  
gull, røykjels, myrra gav dei han.  
Halleluja, halleluja!

Han sjølv, som er Guds eige Ord,  
Guds eige ord,  
han kom i kjøt og vart vår bror.  
Halleluja, halleluja!

Treeinig Gud, vi lovar deg,  
vi lovar deg,  
for frelsa no og æveleg!  
Halleluja, halleluja.





#### HYRDINGEN:

Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: [hyrdingen.kyrkjebladet@vindafjord.kommune.no](mailto:hyrdingen.kyrkjebladet@vindafjord.kommune.no)

Bladpengar/gåver til Hyrdingen på konto: 3243 05 05202

Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6, 5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idè, Ølen

#### SOKNEPRESTANE:

##### Soknepresten i Ølen

Johannes Nedrelid, Eiotunet, Pb. 60, 5588 Ølen

Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00 Privat 53 76 86 22

Epost: [johannes.nedrelid@vindafjord.kommune.no](mailto:johannes.nedrelid@vindafjord.kommune.no)

Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12 ons kl. 12.30-14

##### Soknepresten i Skjold

Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold

Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89

Kontortid: Tys 9-15

Ons og Tor 9-12

Sigrunn Hagen Arnesen

Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534

[sigrunn.hagen.arnesen@vindafjord.kommune.no](mailto:sigrunn.hagen.arnesen@vindafjord.kommune.no)

Martin Ivar Arnesen

Tlf. 52 76 73 85, mobil 980 37 571

Epost: [martin.ivar.arnesen@vindafjord.kommune.no](mailto:martin.ivar.arnesen@vindafjord.kommune.no)

##### Soknepresten i Vikedal

Harald Eintveit, Kommunehuset, Pb. 40, 5583 Vikedal.

Tlf. 53 65 56 17 - Fa 52 76 02 97

Kontortid: Tor 9-15

Forværelse:

Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

##### Prostiprest/fengselsprest:

Arild Markussen tlf. 53 65 56 16

Mandag er prestane sin fridag.

##### Kyrkjeverja i Vindafjord

Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje

Tlf. 53 65 65 43

##### Soknerådsleiarar:

Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim

Vikedal: Anne Marie Reimers

Sandeid: Kari Vik Stuhaug

Vats: Arild Urdal

Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug

Bjoa: Trond Ove Alvseike

Vikebygd: Brit Nelly Tveit

Skjold: Elin Frøyland

# Biskopen har ordet

ved biskop Erling J. Pettersen



## Adventstankar

Året er 1985. Staden er vårt første kyrkjelokale i eit gammalt trehus i Boa Vista, Brasil, der vi var som misjonærar, utsende av NMS. Det er første søndag i advent, og dei første gudstenestedeltakarane kjem inn i det spartanske kyrkjerommet, går fram til det vesle alterbordet og legg gåvene sine ved alteret: Ein pose mjøl, sukker eller kaffi, eit såpestykke, nokre bananar og grønsaker frå ein jordfleck i slummen. Når gudstenesta startar, er den vesle plattingen der alterbordet står, heilt fullsett.

Etter gudstenesta blir gåvene ved alteret gitt til dei som treng det meste. Ho som berre hadde hatt nokre bananar å gi, kunne gå heim til skuret sitt med både sukker og mjøl, følgd av gode blick som sa: "Vi ber om vårt daglege brød kvar gong vi ber Fader vår. Og brødet er vårt, ikkje berre mitt... Derfor deler vi det."


I denne adventstida, i eit av verdas rikaste land, står desse bileta frå fattige menneske som delte det dei hadde, som et eksempel på det Martin Luther sa: "Dersom alle tente sin neste, var heile verda full av gudsteneste."

Eg ser for meg dei mange ansikta frå slummen i Brasil, og eg gjer deira bøn til mi: "Jesus, Kristus, du som kom til oss som ein fattig flyktning, la oss dele dei gåver du har gitt oss, med alle som treng brød, omsorg og fellesskap."

Eg lar dette vere mi bøn i adventstida, og deler den gjerne med dykk.

*Velsigna advents- og juletid!*

*Helsing  
Erling J. Pettersen  
biskop*



*Imsland skule, 6. klasse, Lisa Marvik*

## Redaksjons- pennen



Av Steinar Skartland

-Som juleafta på kjerringa, er eit gammalt uttrykk. Men ein skulle ikkje tru at jula kom uventa på oss. Det er lenge sidan dei første tilboda om julegåver og pynt var i butikkane. Men dagane er så travle for folk i dag at vi ikkje får tid til å gle oss over dei små ting i kvardagen. Men borna – dei veit å gle seg. For dei går dagane mykje seinare, og dei ventar på julekvelden.

Nå er det advent. Ei tid vi førebur oss til jul og til feiring av .... ? Ja, eg vel å tru at dei fleste hugsar på Jesus som vart fødd i vesale kår av ei ung mor. Sveipt, og lagd i ei krybbe. Borna i skulane i Vindafjord har teikna denne hendinga – og dette vert presentert her i Hyrdingen. Takk for flotte teikningar!!

I jula skal vi få vera med å spreie glede. Gje fine pakkar. Oppleva gleda hos dei som får.

-Eg har fått ei julegåve alt, sa kona mi. –Kva fekk du då? -Jo, eg har fått ei geit, var svaret. -Ei geit?

-Ja, bror min sende eit kort og fortalde at julegåva til oss er at han har gjeve ei geit til fattige i eit anna land. Ei flott julegåve, som eg vart glad for, sa ho. Det er eg samd i.

Vi har det meste. Men Jesus vil at vi skal vera hans lemmer. Ein del av hans kropp. Det Jesus vil gjera, er det vi som er lemene hans som skal få utføra. Jesus vil hjelpa dei som treng hjelp. Du er hans lem. Skal julegåva gå til dei som har mykje frå før, eller kan vi spreia glede til andre i jula? Frelsesarmeen står med sine julegryter. Hallvard Hasseløy og hans hjelparar leverer klede til Ukraina. Kven skal du gle i år?

*Redaksjonen ynskjer alle ei velsigna julehøgtid.*

# Teiknekonkurranse

Det er blitt ein tradisjon at Hyrdingen lyser ut ein teiknekonkurranse i skulane før jul. Dette året fekk me rekordoppslutnad! Det kom inn i alt 466 teikningar frå elevane i 1. – 7. klasstrinn. Alle skulane i kommunen med unnatak av Vågen deltok. Tema for konkurransen var julesongen ”Et barn er født i Betlehem”. Mange har teikna stallen med *Jesusbarnet*, nokre har teikna *englar* og andre har fått med *dei vise menn* som kom til stallen.

I invitasjonen lova redaksjonen at det skulle utpeikast minst ein vinnar frå kvar skule. Det var og bestemt at det skulle kårast vinnarar både i klassen 1-4 og 5-7. Ein jury valde ut dei mest aktuelle bileta. Endeleg val vart gjort av Hyrdingen sin redaksjon. Det var ei krevjande oppgåve å velje!

Vinnar av konkurransen med beste bilete vart **Henny Abelseth**. Ho er elev ved Sandeid skule og går i 7. klasse. Me gratulerar vinnaren! Henny si teikning finn du på framsida av dette nr. av Hyrdingen. Teikningane frå dei andre vinnarane finn du ein stad i bladet. I tillegg til å få teikninga i bladet vil alle vinnarane få ein liten premie.

Det kom inn mange flotte teikningar. Nokre av dei som ikkje kom med i bladet, er lagt ut på Hyrdingen si heimeside, sjå [www.hyrdingen.no](http://www.hyrdingen.no)

### Gledar du deg til jul?

- Ja, eg gledar meg veldig. Ser fram til å møte søskenbarn og anna slekt. Skal



*bli kjekt å vera saman med familien. Og så er det jo kjekt med pakkar òg då....*

### Kva er dine fritidsinteresser?

- Eg spelar fotball og likar å vera saman med venner. Heime held eg på med scrap-booking og teikning generelt.

### Kva synest du er bra med å bu i Sandeid?

- Det er eit veldig bra miljø her. Me har ein kjekk skule med kjekke elevar og tilsette. Fin natur...

### Du vann teiknekonkurranse i Hyrdingen i år – kva tenkjer du om det?

- Det synest eg var stort, spesielt når eg såg alle dei andre sine flotte teikningar. Alle kunne ha vunne, men eg er sjølvstolt over at eg blei plukka ut som vinnar.

# Kyrkjeverja tilbake i Skjold

1. desember flytta kyrkjeverje Inghart Lasse Tveit kontoret sitt tilbake til Skjold kyrkje.

Kommunen treng sjølv kontoreplassen i rådhuset, og det synte seg dyrt å leiga andre kontorstarar i kommunesenteret. I Skjold kyrkje finn ein plass ved å komprimere kontorplasarane i kjellaretasjen.

Ein kan framleis nå kyrkjeverja over telefon 53656543 eller mobil 977 64 146. Postadressa for både kyrkjebladet Hyrdingen og kyrkjeverja vert: Postboks 6, 5574 Skjold. Mogelege endringar av telefonnummer vert kunngjord seinare.





*Saman med venner i Ihosy.*



*Besøk på skulen La Puissance med overrekking av ballar.*



*Reisteslystne og glade. Vel framme i Ihosy.*



*Solrun Byrkja saman med ein ny venn.*

## *Frå Vindafjord til Madagaskar*

I oktober var 15 personar frå Vindafjord og 2 frå Sauda på 2 vekers besøk på Madagaskar. I løpet av dei 2 siste åra har no 3 grupper vore på besøk på Madagaskar og 2 grupper frå Madagaskar vore på besøk i Vindafjord. Besøka skjer i samband med vennskapsrelasjonane som er komme i gong mellom Vindafjord og Ihosy.

Målet med turen var først og fremst Ihosy og dei mange vennene vi etter kvart har fått der. I Ihosy vart vi tekne imot av vennskapskomiteen som hadde lagt opp eit program for oss. Det var mellom anna tid til skulebesøk, besøk i barnehage, sjukehus og fengsel. Særleg gjorde besøka i fengselet inntrykk på oss. 300 menn og 6 kvinner var innsette. Dei levde under enkle kår og mangla det meste. Stort var det å få dela ut såpestykker, klede, gassiske nytestamentar, pøtter, bøtter, fotballar, baketballar og snop. Det var både tørt og varmt - regn hadde dei ikkje hatt på over eitt år. Dagen etter



*Fengselet i Ihosy*

besøket hølja det ned. Det gjekk gjetord om dei besøkande som og hadde ordna med vatn...

Noko av det kjekkaste på turen var leik og moro saman med borna. Det betydde mykje både for oss og dei.

No ser vi fram til neste tur. Kanskje om eit år eller to? For venner har vi fått. Venner for livet!

*Tekst og foto: Martin Ivar Arnesen*



Fengselet i Ithosy



## Julehilsen fra Kina

**Kyrkjelyden på Bjoa støtter utsendingene Camilla (Norenes) og Sindre Fosse fra Misjonsalliansen.**

**De har sitt arbeid i Kina og sender her en hilsen til menighetene hjemme.**

Hei alle sammen der hjemme. Da nærmer det seg Jul i Norge, men det merker vi ikke så mye til her i Kina. Den lille julefølelsen vi skal få, må vi nok stå for selv.

Vi har vært på markedet og kjøpt 5,3 kg saueribbe, og pinnekjøttet er nå saltet og hengt til tørk. Så jul skal det bli, og julestemningen skal vi skape så godt vi kan med julepynt, god mat og fin musikk.

Her i Kina har vi den siste tiden hatt travle måneder. Det har vært mye reising til prosjektområdene våre, og vi har gjort vårt beste for å kunne hjelpe der vi hjelpe kan.

Vi jobber i mange forskjellige landsbyer her i Kina, og jobber med mange forskjellige problemstillinger. Noen av dem vi jobber med er i fattigdom grunnet historie med stoffmisbruk og alkohol, mens andre er i fattigdom grunnet hard natur, lite dyrkbar jord og manglete utdannelse. Rent vann, biogass og skolegang er tre av flere faktorer vi fra NMA arbeider med. Vi møter også mange handikappede i prosjektene våre, mange av disse er dessverre svært marginalisert. Rehabiliterings tilbudene for handikappede er svært dårlige her i Kina. Den største målgruppen innen handikappede vi kjemper for i Kina nå er barn

med cerebral parese. Det er fantastisk å se hvordan Kinesiske ledere rundt oss sakte med sikkert endrer menneskesynet på disse flotte menneskene.

Det kan noen ganger føles litt overveldende å være her, når vi blir slått av de enorme behovene for hjelp. Nå er det heldigvis slik at vi ikke er alene, både kinesiske myndigheter, og mange andre utenlandske organisasjoner jobber for å bedre manges hverdag, og ikke minst mange flotte engasjerte kinesere jobber for å skape en forandring i sitt eget land.

Paulus skrev et brev til Filippene, første del av dette brevet handler om Paulus sin kamp for Kristus. Vår kamp her i Kina er nok ikke like dramatisk som det Paulus opplever, men hans vitnesbyrd er likevel en parallell. Paulus snakker nemlig om hvordan Filippene er med ham i hans kamp, selv om ikke han er der med dem. Slik føles det for oss her i Kina, at dere i menigheten på Bjoa er med oss, da dere husker oss i bønn. Vi vil derfor hilse dere alle med Paulus sine ord i Fil 1:5-6:

5 For fra første dag og fram til nå har dere stått sammen med meg i arbeidet for evangeliet. 6 Og jeg er trygg på at han som begynte sin gode gjerning i dere, skal fullføre den – helt til Jesu Kristi dag

*Da vil vi avslutte med å ønske en velsignet jul, og de beste ønsker om en flott tid fremover.*

**Hilsen Camilla og Sindre**

# Innsamlinga av klede til Ukraina

## Fullt vogntog på veg

Tre damer i Vindafjord var sentrale med å samla inn brukt tøy til hjelp for fattige i Ukraina. Totalt fekk dei inn 1053 fulle sekker og i tillegg pengar til å dekke transport fram til mottakarane.



Frå høgre i bildet: Bjarne Lunde, Bjarne Alne, Brita Laugaland, Hallvard Hasseløy, Sasha og dei 4 andre hjelperane frå Ukraina.

I Vikebygd var det Brita Laugaland som stod i bresjen med god hjelp av fleire andre, m.a. Bjarne Lunde og Bjarne Alne. Dei tok i mot 253 fulle sekker på bedehuset. Om kvelden 28. oktober kom eit 18 meter langt vogntog. Saman med Hallvard Hasseløy og fem menn frå Ukraina stua dei inn alle sekkene i skap-hengaren.

I Vats var det Ingeborg Vågen som samla inn. Ho hadde halde på heile året og kunne fortelja om sekker som kom både frå Etne og frå Vikedal. Ho lagra dei i kjellaren heime fram til innsamlingsdagen på bedehuset. Resultatet vart totalt 560 sekker.

På Skjold bedehus var det Margrethe Askeland som tok seg av aksjonen. Ho hadde fått inn 240 sekker. Totalt var det altså 1053 sekker som vart lasta her i kommunen. Kvar gjevar betaler kr 50,- pr sekk for frakta. I tillegg var det møte på bedehuset i Vikebygd om kvelden den 28. Her vart teke opp ein stor kollekt. Overskotet vert brukt til å hjelpa dei fattige på anna vis. Mat vert kjøpt inn. Barneleir for 4000 ungar mm. Alt i regi av organisasjonen 'Open Heart Ukrain' som vart starta og er leia av Hallvard Hasseløy. Haugesundar som no er busett i Drammen.

Det var mykje folk på bedehuset i Vikebygd torsdagskvelden. Dei kom frå fleire bygder for å vera med og høyra Hasseløy fortelja frå Ukraina, og for å levera sekker. Hallvard har lært seg russisk, eit språk dei også snakkar i Ukraina. Dette er viktig når han skal levera gåvene der. Vi fekk høyra om fleire som hadde motteke hjelp og kome seg ut av livet på søppeldynga.

*Steinar Skartland*



Frå konserten i Vikebygd kyrkje.

## Flott kyrkjekonsert i Vikebygd

Ei fullsett Vikebygd kyrkje fekk oppleve ein fantastisk flott konsert der Bytunets Antikvariske Jazzensemble var det store høgdepunktet. Dette var startskotet på fleire tiltak som skal skaffa ekstra midlar til vedlikehald og oppussing.

Den vakre, kvite murkyrkja i Vikebygd skal hausten 2012 feire sitt 75 års jubileum. Dette er den femte kyrkja gjennom ein tidsepoke på 800 år på denne kyrkjestaden. Alderen og trongen for omfattande vedlikehald syner seg både på dører, murverk og vindauger. Soknerådet har jobba lenge med planar og finansiering av oppussinga, og reknar med at kommunen tek brorparten av kostnaden. Men eldsjeler i soknerådet vil også bidra sjølv. Rolf Alne og Berge Thomas Velde vart ståande i bresjen for å få til ein stor konsert, og dei som vart spurde om å bidra svara: -Ja, dette vil me vera med på. Ein entusiastisk Berge Thomas fekk seg med eit erfarent team som rigga lys, høgtalaranlegg og musikkutstyr. Dette ga ljossetting og lyd av høg kvalitet gjennom konserten.

I tillegg til Bytunet vart det musikk av Vikebygd skule og ungdomskorps, G-17 band og songarar frå Skjold, og ei rekke lokale artistar. Arne Tveit på kyrkjeorgel i samspel med Helge Veastad på gitar, både opna og avslutta konserten. Bonde og muskar, Jone Bjerga, stilte opp med songar han har skreve sjølv. Han vart etterfylgd av Vegard Skartland som trass i sin unge alder, har bak seg mange opptredningar med song. Denne kvelden med akkompagnement av Arne Tveit og Helge Veastad som også spela

til ei anna av dei dyktige flotte songstemmene som har funne ein heim i Vikebygd: Svenskfødde Lina Fisk Eide rørte tilhøyrarane med "Nobody Knows" og "Blott en dag". Stemninga var høg i kyrkjerommet, men tok heilt av då Bytunet entra scenen og på ein levande og engasjert måte også fekk med seg publikummet i musikken. Fleire av musikarane i jazzensembleet har ei tilknytning til bygda, men det var første gong dei hadde konsert i kyrkja her. Repertoaret var god gamal New Orleans jazz med mange kjende innslag som høvde godt i ein kyrkjekonsert. Gleda musikarane viste gjennom musikk og song smitta lett over på publikummet og ga god stemning i salen, som og vart trekt med i song og musikk. Etter at siste nummer, "Just a closer walk with thee" var spela fekk applausen Bytunet opp på scenen igjen for fleire ekstra nummer.

Soknerådsleiar og konferansier, Brit Nelly Ness Tveit, takka og roste alle som deltok og alle som gir si støtte til kyrkja og arbeidet her.



Soknerådsleiar Brit Nelly Ness Tveit saman med initiativtakarane til konserten: Rolf Alne og Berge Thomas Velde.

*Steinar Skartland*

# Mange svoltne born på Mankara, Madagaskar

Som sikkert mange fekk med seg i tidlegare nr. av Hyrdingen, så skulle Anne Marie Reimers ut til Madagaskar igjen. I det dette nr. skal i trykken, er Anne Marie på heimveg. Korleis har det gått med prosjekta hennar? Ho har sendt helsingar, og me har fått kjennskap til ein del av det som har skjedd.



## Stor glede for mat

Med pengane Anne Marie fekk til 80-årsdagen sin og innsamla midlar, ville ho setja i gong hjelp med eit måltid mat til 150 barn kvar skuledag i 6 mnd. Kvart måltid var rekna til å kosta 2 kr. I tillegg var det teke med løn til 3 medhjelparar i 6 mnd. = kr 11.000! Med kjøkenutstyr, ved / trekol, var heile prosjektet kostnadsrekna til kr 60.000.

Anne Marie har fått hjelpearbeidet i gong, og av eigne pengar har ho fått bygt kjøkenhytte der dei kan koka i ly for sol og regn. Men problem dukka opp – *Prisen på ris er stigande, og det var ikkje berre 150 born som ville ha mat. Heile skulen, ca 500 melde seg, og det går ik-*

*kje an å gjera forskjell, seier Anne Marie. Tilbodet har skapt enorm stor glede!*

## Barneheimen Ankanisoa

Anne Marie har og sut for barneheimen i Ankanisoa der 25 foreldreause born får vera til dei er 18 år. Heilt frå starten av har det vore planlagt at elevane sjølv skulle vera med å dyrka grønnsaker og andre matvekstar til eige behov. Dessverre har det vore eit stort problem med steling, og det har vore prøvt å gjerdja inn den 4 mål store åkeren. Eit solid plankegjerdje vart sett opp, men andre innbyggjarar fann ut at det var god ved!

Det er nå bestemt å setja opp teglsteinmur rundt hagen. Anne Marie har

fått gåve som dekkar kostnaden på kr 100.000, og nå er stein bestilt. Ho har og arbeid med myndighetene på Madagaskar for godkjenning av opplegget. Arbeidet skal gjerast snart slik at borna får ha plantane sine i fred, og samtidig læra om matproduksjon – ein kunnskap som skal spreia vidare.

Me er takksame for det denne språke 80-åringen maktar, og lar utfordringa gå vidare: Ser du nauda - har du lyst til å hjelpa? (Den som er svoltent maktar ikkje å konsentrera seg om korkje skule eller Guds ord).

*Jens Tveit*



*Cathrine Sondenå, 1 kl., Ølen skule.*

*Glade jul, hellige jul!  
Engler daler ned i skjul.  
Hit de flyver med paradys grønt,  
hvor de ser hva for Gud er skjønt.  
Lønnlig i blant oss de går.  
Lønnlig i blant oss de går.*



## 50-års jubileum for Ersland bedehus

Bedehuset var festpynta denne kvelden med langbord og kvite dukar med oransje roser og lys. Det var dekket til om lag 100 personar, noko som høvde akkurat. Festkomiteen for kvelden var i tillegg til styret Nancy Kringlebotten, Trygve Sandvik, Jostein Breivik og Reidun Fjeldheim.

Styreleiar Per Harald Hjelmeland opna med velkomstord frå salme 124 – ” Dette er dagen som Herren har gjort, og det er underfullt i våre augo ” – dei same velkomstorda som vart nytta under vigslinga av huset for 50 år sidan, før me alle song ”Store Gud vi lover deg”. Elin Føyland spela piano. Anna Kvitno Dagsland las deretter diktet ”Bønnehuset” av Haldis Reigstad.

Lovsongbrødrene frå Stord song 3 vakre lovsongar før Klaus Muff held kveldens festtale på ein lun og god måte. Han peika spesielt på fem funksjonar som er viktige for eit bedehus. 1. Bønnes hus 2. Sjelesorgens hus 3. Forkynnensens hus 4. Misjonen – basarar og møtene sitt hus 5. Hus for forventningen om oppstandelsen.

Etter talen fekk me meir song av lovsongbrødrene.



Det er gjennom desse femti åra utført fleire moderniseringar og utvidingar av bedehuset, den siste er nytt kjøken. Harald Dagsland som har leia byggjenemnda og dugnaden, fortalde om arbeidet som er gjort med tilbygg og nytt kjøken. I tillegg til Harald har Trygve Sandvik, Annlaug Ersland, Norleif Fjeldheim og Kåre Breivik vore med i byggjenemnda. Byggmeister Bjarne Haakull har vore fagansvarleg. Utgravinga starta 22.11.08 og det har gått med om lag 690 dugnadstimar i tillegg til om lag kr 109.000 i gåver og innsamla midlar. Den offisielle opninga av nytt kjøken vart så gjennomført og Nøkkel til kjøken vart overlevert Per Harald, og snora i døra vart klypt av Harald som symbol på at arbeidet var ferdig.

Anna K. Dagsland held så ein fin takketale til Nils Føyland. ”Du har vore ein

trufast slitar og arbeidar for og på dette huset – som ei synleg takk vil me gi deg og Anna denne blomebuketten”.

Då var tida komen for mat, og me vart servert nydeleg heimelaga gryterett med salat og potetstappe.

Jostein Breivik tok oss deretter med på eit historisk tilbakesyn på det arbeidet som var gjort for å få dette huset bygd – dei eldste skriftlege kjeldene om planar og pengeinnsamling til eige bedehus for Erslandskrinsen er tilbake til 1920, og same året vart det og gjeve tomtegrunn der huset blei reist 40 år seinare. At det skulle gå så lang tid å få reist bedehuset skuldast økonomiske nedgangstider – ”dei harde trettiåra” og rasjonering av tømmer etter krigen. Bedehuset er teikna av Jens Breivik, og det kan også nemnast at det tok heile tre år frå søknad var innsendt til byggjeløyve vart gjeve frå Rogaland Fylkesforsyningsnemnd. Han hadde laga til ei flott framsyning av gamle bilde og dokumenter, og han tok også for seg drifta dei fyrste 20 år. Medan me såg fleire bilder frå den store bredda det har vore i bruk av bedehuset, fekk me servert nydelege fløytekaker og kaffi, og praten gjekk livleg ved borda. Mange som er flytta frå bygda hadde



nemleg funne vegen til bedehuset denne kvelden, så det var mange handtrykk og helsingar som skulle vekslast!

Etter at offerkorga hadde gått sin runde langs borda, var det tid for Trygve Sandvik til å fortelja om huset si historie dei siste 30 åra. Han tidfesta fleire hendingar på huset – som at det kom piano i 1987, kors ute på veggen i 1986 og høgtalar i 1991. At førre utbygg med lager og wc var gjort i 1996-97, og at parkeringsplassen var blitt utvida fleire gonger. Og det må og nemnast at bedehuset er blitt meir miljøvennleg, varmpumpa er på plass og oljeovnen er teken ut!

Og nå altså i 2010 er det nytt kjøkken med oppvaskmaskin, kjøleskap og komfyr. Nytt inngangsparti med kvit inngangsdør gjeven av Ersland yngres (den gamle blå er bytta ut). Bedehuset skulle difor nå vera godt skikka til allsidig bruk i framtida, noko mange alt har funne ut. Huset blir brukt både til konfirmasjon og fødselsdagar, og kan vera eit godt alternativ om stova heime blir i minste laget! Til slutt delte Jostein og Trygve ut eit flott jubileumskrift til alle!


Etterpå var det helsingar, Johannes Hustveit helsa frå Erslandkrinsen bygdelag og overrekte ei pengegåve på kr 2000. Svanhild Mortveit kom med hel-

sing frå bedehusa Austrheim og Isvik og gav ei stor glasslykt. Det var også blomehelsing frå Reidun og Bjarne Haakull. Nils Eivind Breivik takka for ein fin jubileumsfest og fortalde om minner attende frå tida då han var med faren Jens Breivik i Tørsdal for å ta ut tømmer til bedehuset, og at han hadde vore med på utforminga av ”soloppgangsvindauga” på den austre veggen. Trygve Sandvik takka spesielt Harald

Dagsland for hans store innsats over lang tid og gav han ein bukett.

Lovsangbrødrene sang til slutt ”Fader i himmelen deg vil eg lova” før me alle song ”Dine løfter er mange” av Sigurd Lunde til avslutning. Per Harald takka alle som hadde vore med og stelt i stand festen, og ynskte alle vel heim!

**Referent: Kåre Breivik**



**Vikedal skule, 3. klasse, Phanwadi Suk-anan.**



*Ein del av speidarflokken i kjellarlokala i kyrkja.*

## Speidargudsteneste


Etter ei uversveke med snø og trafikkaos, kom søndagen med sol frå skyfri himmel. Ei fullsett Skjold kyrkje var samla til speidargudsteneste denne vakre haustdagen. Som vanleg sette speidarane preg på guds-

tenesta med tekstlesing, dramatisering og song. Etter kyrkjekaffien var det speidaropptak. 18 vart tekne opp som oppdagarar (2. og 3.klassingar), 14 som stifinnarar (4. og 5. klassingar) og 3 som vandrarar.


Skjold har i dag eit stort og aktivt speidararbeid. I alt 122 speidarar med smått og stort illustrerer det.

Mange foreldre gledde seg over aktive og friske born.

*Helsing Gunnar Listog*



*Vik skule, 3. klasse, Ingeborg Owe*



*Bjoa skule, 2. klasse, Andreas Lunde*

# Svein Tindberg – Skodespelar og bibelforteljar

Han var her i 1999, skodespelaren Svein Tindberg. Då var han del av kulturprogrammet i samband med at den nye kyrkja i Skjold vart vigsla og teken i bruk. **11 år seinare vitja han på ny kyrkja, som formidlar av evangeliet, men og som skodespelar.**

## Frå scene og bakteppe

Svein Tindberg tok dei vel 100 fram møtte med både på og bak scenen. I halvannen time utan pause greidde denne eminente kunstnaren å trollbinde dei fram møtte, gjennom dramatiske historiar om Paulus, historiske bakgrunnsteppar, sine eigne opplevingar i fotefara til Paulus eller ved å setja historiane inn i norsk landskap. Tonefallet i prestespråket greidde han og å seia noko om. Ein kveld for latter, ettertanke og refleksjon.



## I fotefara til Paulus

Som reiseleiar eller i rolla som Paulus, tok Svein Tindberg dei fram møtte med, til Tessalonika, Aten, Korint, byen som dyrka kjærleiksgudinna Afrodite og som sleit med umoral, - og Efesus, byen som levde av turisme og som hadde verdas største teater med 27.000 sitjeplassar.

Den historiske bakgrunnen skapte bakteppe for dei dramatiske framstillingane. Dei fram møtte var der, i Aten, i Korint og Efesus.

## Tilnærming til tekstane

Svein Tindberg fortalde om tilnærminga han og Kjetil Bang Hansen hadde hatt

til bibeltekstane: Ikkje teologisk men ei naiv tilnærming.

Tekstane skulle få tala og ikkje dei etablerte tolkingane og meiningane.

Han fortalde og om arbeidet med Markus-evangeliet, forteljinga med 220 forestillingar rundt om i landet. Evangeliet etter Markus er bygd opp som eit moderne drama, fortalde skodespelaren.

*Kvelden var eit samarbeidsprosjekt mellom kulturetaten i Vindafjord og Skjold sokneråd. Ein vellukka kveld, men det hadde vore plass til langt fleire.*

**Gunnar Listog**

## Romjulsconsert Ølen kyrkje

torsdag 30.12.10 kl. 19.30

Isabel Espelid – song

Kristina Flatebø – orgel.

Inngangspengar kr. 100,- Born gratis.

Arr: Ølen sokneråd/kulturetaten i Vindafjord.

Isabel Espelid er sopran, og tok sin bachelor i klassisk sang på Griegakademiet i Bergen, og fullfører nå sin mastergrad i København på Det Kongelige Danske musikkonservatorium.

Hun deltok i 2007 i “bergens tidenes” ønskekonsert, og mottok sammen med studentene ved Griegakademiet “årets talentpris”. I 2008 sang hun for Hennes Majestet Dronning Sonja i forbindelse med åpningen av “Picasso Galleriet” i Bergen. Siden har hun vært solist i samarbeid med en rekke profesjonelle ensembler som Storstrøms Kammerensemble i Danmark, Bergen Filharmoniske Orkester, Divisjonemusikken og De Unges Symfoni. Hun har erfaring med et bredt operarepertoar så vel som med operetter og populærmusikk.

Kristina Flatebø begynte sin musikalske karriere i kulturskolen i Ølen kommune og har spilt piano siden hun var 9 år. Siden ble det timer på orgelet og hun har i mange år fungert som organistvikar i ferie og høytider i hjembygda. Hun har bachelor i kirkemusikk fra Norges Musikkhøgskole med professor Bjørn F. Boysen og professor Jon Laukvik som hovedinstrumentlærere. Hun har sin mastergrad i orgel fra samme sted og var siste året utvekslingsstudent ved Det Kongelige Danske Musikkonservatorium. Hun har siden juni 2009 vært ansatt som kantor i Varden menighet i Stavanger og har deltatt ved flere konserter i serien Orgel i sentrum.

Vi vonar at mange finn vegen til Ølen kyrkje til ein fin romjulsconsert med høg kvalitet, og der det er kjekt å ha med ein flink musikar frå vår eiga bygd.

**Hjerteleg velkomne til konsert.**  
**Johannes Nedreliid, sokneprest i Ølen.**





*Ølen skule, 4. klasse, Mathilde Lundeng Hårde.*



*Skjold skule, 6. klasse, Oda-Marie Skjølingstad.*

# Kryssord (bokmål)

## Vannrett:

1. Tigge
3. Ukokt
5. Du, jeg og de andre
7. Argskap
9. Dessert
11. Avslag
13. Seinere

## Loddrett:

2. Guttenavn
4. Åsne Eriksen
5. Er Aftenposten
6. Leif Ringen
8. Singel
10. Ytre
12. To like



Send inn løysing innan 24.12 til Hyrdingen, boks 6, 5574 Skjold med namn og alder. Premie til ein vinnar som vert trekt ut.

Ingalis

## Julakonsert i Skjold kyrkje

Laurdag 18. desember  
klokka 17:00



Musikk og song ved:  
G17 bandet, Feedback,  
Skjold barnakor og Vats barnakor

Alle er hjarteleg velkomne,  
både unge og gamle.



Vats skule, 7. klasse, Jon Harald Stødle

## ANNONSER OG KUNNGJERINGAR

Velkommen til  
Lundeneset

### Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg. Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon, Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

LES MER PÅ LVS.NO

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMVGS LUNDENESET VGS

**Knapphus**  **BILS**

5576 Øvre Vats  
Tlf. 52 76 73 10


**Knapphus**  **BILVERKSTED**

5576 Øvre Vats  
Telefon: 52 76 73 12

**SpareBank 1 SR-Bank**

Avd.: Ølen Avd: Vats Telefon 02002

# GRAVSTEIN



Se vår  
store  
utstilling,  
eller ring  
og be om  
katalog.

Se også vår hjemmeside:  
[www.skattkjaer.no](http://www.skattkjaer.no)

**Skattkjær Skiferindustri as**

Årabrotsvn. 21, Kvala  
**Tlf. 52 70 42 90**

ÅPNINGSTIDER:

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30.  
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt

*Temasamlingar i Vats kyrkjelyd*

## “MIN Plass OG TENESTE”

John Birger Wold og Jo Kjetil Lønesløyken frå Normisjon vil leia oss gjennom seks temasamlingar og seks gruppesamlinga frå oktober 2010 til april 2011. Samlingane vert på Kårhus bedehus frå kl 19.30 - 22.00

- 13. jan: Tema: Korleis få den enkelte til å veksa
- 10. feb: Tema: Kven er eg - og kva er mi teneste
- 17. mars: Tema: Nådegevær
- 07. april: Tema: Korleis gjera Guds hjertesak til vår

På samlingane vil det vera rom for å gå i grupper og drøfta tema for kvelden. Ein kan også nytte dette vidare i smågrupper mellom kvar temasamling.

På kvar samling vil det bli kaffi, te og litt å bita i. Samlingane er opne for alle.

Arr: Vats sokneråd

*Hjarteleg takk til alle som støtta  
demensaksjonen vår.  
Takk for flott resultat, kr 15.158,-.*

*Nedre Vats Helselag*

**joker**

**Vikebygd Landhandel AS**

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01  
E-post: [joker.vikebygd@ngbutikk.net](mailto:joker.vikebygd@ngbutikk.net)



**Primærtjenesten Bjoa AS**

Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61  
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

# FRÅ KYRKJEBOKA

## VIKEDAL

### Døde:

08.11. Anna Louise Fjelldalselv f.1919

## IMSLAND OG VIKEBYGD

Ingen kyrkjelege handlingar i denne perioden

## SANDEID

Ingen døypte i denne perioden

### Døde:

23.10. Tolleif Malvin Selvaag f.1926

## SKJOLD

### Døde:

27.10. Berta Serine Grunnaleite f.1923

## VATS

### Døypte:

31.10. Mira Tjelmeland Hustoft,

Even Klippenberg,  
Benjamin André Kvinnesland-  
Eigestad

### Vigde:

09.10. Nora Luise Koltveit og  
Alf Magnar Bakka

### Døde:

20.10. Katrine Jekteberg f.1930  
22.10. Solveig Karoline Langeland  
f.1927  
27.10. Agnes Tomine Sørhus f.1920  
03.11. Magla Flesjå f.1919

## ØLEN

### Døde:

03.09. Per Leif Søndena f.1955  
05.10. Olav Tvedt f. 1925  
06.10. Arne Berge f. 1937

08.10. Olav Langhelle f. 1930  
09.10. Eirik Johan Flesland f.1929  
17.10. Olga Kristine Steinsland f.1922  
29.10. Hans Jørgen Olsen f.1938  
09.11. Gudrid Tveit Klungland f.1921

## BJOA

### Døypte:

07.11. Nora Alvseike  
07.11. Miriam Brekkå  
07.11. Ole Sebastian Tønnesen Vestbø  
07.11. Vilde Heggen Vestbø

## VIKEBYGD

### Døypte:

17.10. Mira Høviskeland Halvorsen

### Døde:

12.10. Ragnhild Hjartnes f.1939



[www.kyrkjetunet.no](http://www.kyrkjetunet.no)

### Desember - 10

Torsdag 2. kl.10.30 Tripp Trapp  
Torsdag 2. kl.11.00 Torsdagstreff  
Torsdag 2. kl.19.30 Møte v/ Egil  
Reindal frå NLA Høgskulen Bergen  
Laurdag 4. kl.20.00 20+  
Søndag 5. kl.16.00 F-16  
Tysdag 7. kl.17.30 Barnekor  
Tysdag 7. kl.18.30 Klubb

### Januar - 11

Søndag 2. kl.18.00 Nyårsfest  
Torsdag 20. kl.19.30 Bibeltime

Bønnemøte kvar onsdag kl. 19.30

## Vikebygd bedehus

2. des. kl 11.00 Tripp-Trapp  
4. des. kl 15.30 Laurdagsklubben  
9. des. kl 19.30 Adventsgladsang  
11. des. kl 12-14.30 Grautsal

## Innbjøa bedehus

- Bedehusmøter på onsdagar i partalsveker kl. 19.30
- Bønn/samtale/songkveld på onsdagar kl. 18.00
- Credo for 5.-7.kl.på torsdagar i partalsveker kl. 18-20
- Filmkveldar for 8.-10.kl Ikkje bestemt dato. Kjem annonsering i september
- Øving for barnekoret torsdag i partalsveker kl. 18-19

## VI SYNG JULA INN

Sandeid kyrkje tysdag 7. des. kl. 18  
Imsland kyrkje måndag 13. des. kl. 19  
Vikedal kyrkje torsdag 16. des. kl. 19  
*Velkomen!*



## Vågen Bedehus

[www.vaagenbedehus.no](http://www.vaagenbedehus.no)

Sundag 5.12.: Sundagsmøte, Jens Tveit  
Onsdag 8.12.: Bønnemøte  
Onsdag 15.12.: Bønnemøte  
Måndag 27.12.: Julefest  
**Sundagsskulen**  
5.12. kl. 11.00.

Søndag 19 des:Adventsmøte kl 19.30  
3.juledag 27 des. Familiejulefest  
(Yngstes, yngres og søndagsskulen)  
onsdag 29.des. Julefest Frelsesarmeen.

### 2011

onsdag 5. jan Bønnemøte  
onsdag 12. jan.Bønnemøte  
søndag 16. jan. Årsmøte  
andakt v/ Per Ølfernes  
onsdag 19. jan. Bedehusbasar  
andakt v/ Per Hjerdal  
søndag 23. jan. Søndagsmøte  
onsdag 26. jan. Bønnemøte  
søndag 30. jan. Søndagsmøte

## Norsk Lærarakademi

Møte i Vats (kyrkja eller bedehuset) fredag  
11. febr. 2011 kl. 19.30 v/ Terje Bjuland.  
Sjå plakatar.

**HVORDAN HAR DU DET egentlig?**

 **Kirkens SOS 815 33 300**

ET MENNESKE Å SNAKKE MED NÅR LIVET ER SOM VERST

Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 10. februar  
Stoff kan sendast til:  
Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.  
E-post: [redaksjonen@hyrdingen.no](mailto:redaksjonen@hyrdingen.no)  
Frist for innlevering av stoff: 22. januar

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudsteneste	Vikedal prestegjeld	Skjold Prestegjeld	Ølen Prestegjeld
<b>5. desember</b> 2.s. i advent Luk 21,25-33	<b>Sandeid kl 18.00</b> Lysmesse. Konfirmantane tek del. Takkoffer til Sandeid bedehus. Utdeling av Barnebibel til 4-åringane.	<b>Skjold kl 19.00</b> Lysmesse. Konfirmantar og korps deltek. Offer til korpset og til kyrkjelyden.	<b>Bjoa kl 11.00</b> Familiegudsteneste. Konfirmantane deltek. Offer til konfirmantarbeidet.
<b>12. desember</b> 3.s. i advent Matt 11,2-10	<b>Vikedal kl 11.00</b> Høgmesse Takkoffer til diakoniarbeidet i kyrkjelyden. Nattverd Dåp	<b>Vats kl 11.00</b> Generasjonsgudsteneste. Nattverd. Offer til kyrkjelyden.	<b>Ølen kl 19.00</b> Lysmesse Konfirmantane deltek. Offer til konfirmantarbeidet.
<b>19. desember</b> 4.s. i advent Joh 119,1-27	<b>Imsland kl 16.00</b> Lysmesse. Dåp. Konfirmantane tek del. Utdeling av Bornas kyrkjebok til 4-åringane. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.		<b>Vikebygd kl 19.00</b> Lysmesse. Konfirmantane deltek. Offer: Speidararbeidet
<b>24. desember</b> Julaften Luk 2,1-14	<b>Sandeid kl 14.30</b> Familiegudsteneste Takkoffer til Kirkens Nødhjelp	<b>Skjold kl 14.30</b> Familiegudsteneste. Korpset og Barnekoret deltek. Offer til misjonsprosjektet på Madagaskar.	<b>Ølen kl 14.30 og 16.00</b> Familiegudsteneste Offer til Kirkens Nødhjelp
	<b>Vikedal kl 16.00</b> Familiegudsteneste. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.	<b>Vats kl 16.00</b> Familiegudsteneste Korpset og Miniklang deltek. Offer til misjonsprosjektet i Thailand	<b>Bjoa kl 14.30</b> Familiegudsteneste. Offer.
	<b>Imsland kl 16.00</b> Familiegudsteneste. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.		<b>Vikebygd kl 16.00</b> Familiegudsteneste Offer: Kyrkjelydsarbeidet
<b>25. desember</b> 1.Juledag Joh 1,1-14	<b>Sandeid kl 12.00</b> Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Takkoffer til Frelsesarméens omsorgssenter. Nattverd.	<b>Vats kl 12.00</b> Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Offer til Normisjon	<b>Ølen kl 12.00</b> Høgtidsgudsteneste. Offer til misjonsprosjektet.
<b>26. desember</b> 2.Juledag Matt 10,17-22		<b>Skjold kl 11.00</b> Nattverd. Offer til Misjon i Øst.	
<b>31. desember</b> Nyttårsaftan Luk 13,6-9		<b>Vats kl 23.00</b> Midnattsmesse. Nattverd. Offer til Feedback.	
<b>1. januar 2011</b> Nyttårsdag Luk 2,21		<b>Skjold kl 12.00</b> Høgtidsgudsteneste. Nattverd. Offer.	
<b>2. januar 2011</b> Kr åpenbaringsdag	<b>Vikedal kl 11.00</b> Takkoffer Nattverd.		<b>Bjoa kl 11.00</b> Nattverd Offer
<b>9. januar 2011</b> 1.s e kr åpenbaring Matt 3,13-17	<b>Imsland kl. 16.00</b> Takkoffer kyrkjelydsarbeidet Nattverd	<b>Vats kl 11.00</b> Nattverd. Offer.	<b>Ølen kl 11.00</b> Nattverd Offer
<b>16. januar 2011</b> 2.s e kl åpenbaring Joh 2,1-11	<b>Sandeid kl 11.00</b> Familiegudsteneste Takkoffer	<b>Skjold kl 11.00</b> Familiegudsteneste. Utdeling av biblar til 11-åringane. Offer til Bibelselskapet.	<b>Vikebygd kl 16.00</b> Familiegudsteneste Utdeling av biblar til 11-åringane. Offer: I.K.O
<b>23. januar 2011</b> 3.s e kr åpenbaring Joh 4,46-54	<b>Vikedal kl. 16.00</b> Familiegudsteneste. Takkoffer til konfirmantarbeidet.	<b>Vats kl 11.00</b> Familiegudsteneste. Utdeling av Biblar til 11-åringane. Offer til Bibelselskapet.	<b>Ølen kl 11.00</b> Nattverd Offer.
<b>30. januar 2011</b> 4.s e kr åpenbaring Matt 8,23-27	<b>Imsland kl 11.00</b> Familiegudsteneste. Takkoffer.	<b>Skjold kl 17.00</b> G17-gudsteneste. Nattverd. Søndagsskule. Offer.	Ingen gudsteneste i Ølen/ Vikebygd/Bjoa
<b>6. februar 2011</b> 5.s e kr åpenbaring Matt 13,24-30	<b>Sandeid kl 11.00</b> Høgmesse Takkoffer Nattverd	<b>Vats kl 17.00</b> Generasjonsgudsteneste Nattverd. Offer. Barnas kyrkjestund.	<b>Bjoa kl 11.00</b> Familiegudsteneste Utdeling av biblar til 11-åringane. Offer.
<b>13. februar 2011</b> Vingårdssøndagen Matt 20,1-16	<b>Vikedal kl 11.00</b> Høgmesse Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd.	<b>Skjold kl 11.00</b> Nattverd. Offer.	<b>Ølen kl 19.30</b> Kveldsgudsteneste Nattverd. Offer.

“Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast” (Hebr. 10,25)